# Instruks for drift av fiskefelle i Etneelva.

**Montering:**

Fiskefella skal monterast av Cramer Fish Science i samsvar med spesifikasjonar og kontrakt, og myndighetenesi godkjenning.

**Drift:**

Fellestyret har avtale med Folgefonn Landbruksteneste om arbeidsgjevaransvar for dei tilsett som driftar fella som omfattar m.a. lønn, feriepengar, forsikringar,arbeidsavtalar og HMS.

**Daglege rutinar:**

- Dei tilsette skal ha dagleg tilsyn med fella og tøyming av fiskeburet så ofte som situasjonen og mengda fisk tilseier, minst to gonger dagleg.
- Røktarane skal dagleg frå land observera om fella står rett og fungerer etter hensikten.
- Røktarane skal etter behov tøma fiskeburet og flytta fisken til samlekar på land. VarslaHavforskinga når det er satt fisk opp i samlekaret på land.
- Røktarane fører dagleg logg over aktiviteten der opplysningar om vassføring, antal fisk, kven som har vakt,evt. observasjonar og evt. tiltak vert notert, egen loggbok blir laget for formålet
- For og vera førebudd på mulige tiltak, skal røktarane følgja med på langtidsvarsel for været og vassføringsdata frå målestasjonane xxx og xxx webside xxx.
- Røktarane kontrollerer at det er vatn i kara og at elkraft er i orden og at pumpa fungerer, og vidare at lokket på karet er låst og at dyre helsa er ivareteken.
- Ved svikt skal reservepumpe startast og årsaker avklarast.
- Ved langvarig straumstans skal reservepumpe koplas til strømaggregat eller fisken setas ut i elva nedafor fella.

**Beredskap:**

- Ved fare for flom eller ved skade skal overordna varslast og evt. beredskapstiltak verksetjast.
- Vaktliste og mannskapsliste med telefonnummer er oppslått i vaktrommet på brakka.
- Under arbeid på fella skal det nyttast redningsvest.
- Ved reinskearbeid ute på fella skal det alltid vera to røktarar som samarbeider ein på land og ein på fella
- Ved stor vassføring som kan medføra sikkerhetsrisiko for personell, skal ingen arbeida ute på fella